



## **Uttale til Alkoholpolitisk plan – ønskje om høve til å servere alkohol i Storstova på Leknes.**

I samband med dugnadsarbeid for Storstova på Leknes har Hjelmås mannskor vore av den meining at Storstova skulle kunne brukast til dei type tilstellingar som naturleg høyrer til i korsamanheng. Me har heile tida samanlikna bruken av Storstova med Strilatun på Seim. Der har me fleire gonger vore med på Koriaden som har vorte avvikla i Strilatun. På slike tilstellingar er det innslag frå ulike kor med middag og dans seinare på kvelden. Ved slike tilstellingar er det naturleg at gjester får tilbod om servering av alkohol til middag og dansen seinare på kvelden. Mannskoret har og hatt eigne tilstellingar fleire gonger, frå enkel korkafé, jubileumsfest og eigen framsyning «BERRE EIN MANN» andre stader i kommunen - då det ikkje har vore eigna lokale i Hjelmås/Leknesbygda. Me har heile tida vore av den oppfatning av me skulle kunne bruka Storstova til slike tilstellingar. Me har og sett fram til å nytta sosialt rom i kjellaren på Storstova til vår sommar-/juleavslutning.

Me vil oppfordra kommunen til å gje løyve til alkoholservering i Storstova. Storstova har vorte det bygget me har sett fram til, la oss no få bruka det slik som me har trudd heile tida. Alkoholservering er ønskjeleg i særskilt få av mannskoret sine tilstellingar, men me ønsker og å kunne nytta Storstova til tilstellingar der det er naturleg å ha alkoholservering. Me synest det er trist om koret i framtida må leggja arrangement utanfor bygda på grunn av restriktivt vedtak i kommunen.

Me ber om ei formulering av punkt 6b, Del 1 i Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune (revidert plan) som inkluderer Storstova på lik linje med Nordhordlandshallen og Lindåshallen.

Med helsing  
For styret i Hjelmås mannskor

*Reidar Konglevoll*

Reidar Konglevoll  
leiari